



Arkoconsult AS  
Tom Andre Sivertsen  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2564 - 14/16539

Saksbehandlar:  
Nina Bakanova  
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:  
04.07.2014

## Endring av ansvarsrett i gitt løyve - Gbnr 185/296 Isdal - bustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 162/14**

### Omsøkte tiltak

Arkoconsult AS har i søknad stempla motteke 24.06. 2014 søkt om endring av ansvarsrettar mottatt 03.01.2014 . Endringa gjeld ansvarsrett for prosjektering og utføring for radon og golvstøp frå Arkoconsult As til Membraner og Radon AS.

### Saksutgreiing

Løyvet gjeld endring av løyve gjeve 03.01.2014 i sak 2013/2619 . Følgjande tidligare godkjent dokumentasjon går ut som følgje av endringsløyvet:

1. Gjennomføringsplan, motteken 10.07.2013.

Arkoconsult AS var godkjent som føretak prosjektering og utføring for radon og golvstøp i løyve av 03.01.2014.

Membraner og Radon AS overtar ansvarsretten for prosjektering og utføring for radon og golvstøp frå og med 20.06.2014.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.



## Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det godkjent søknad om endring av løyve mottatt 24.06.2014 på følgjande vilkår:

1. Membraner og Radon AS overtar ansvarsrettar for prosjektering og utføring for radon og golvstøp f.o.m 20.06.2014.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-5 (PRO)/ 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Funksjon	Føretak	Org.nr	L/S*	Tilt.kl	Ansvarsområde
PRO	Membraner og	998139503	L	1	Radon og golvstøp
UTF	Radon AS				

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2564

## Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Tal	Beløp
10.2.8 Endringar i løyve		2.800,-
10.2.9 Godkjenning av ansvarsrett (føretak som ikkje har sentral godkjenning)		2.500,-
		5.300,-

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Frank Vedå

Ture Nermans vei 5143  
63

FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

5291

VALESTRANDSFOSSEN